



Saksbehandlar: Frode Hovland, Næringsavdelinga
Sak nr.: 14/6341-2

Høring - Forskrift om utfisking av rømd oppdrettsfisk

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune stør forslag til forskrift om fellesansvar for utfisking av rømt oppdrettsfisk.
2. Fylkeskommunen finn det positivt at ein legg til rette for at næringa kan prøve ut og hauste erfaring med sporing og merking av fisk. Dette er eit samfunns-politisk viktig signal frå oppdrettsnæringa og det er særleg viktig i vår region med fleire nasjonale lakseelver og laksefjordar.
3. Det må setjast eit høgt mål for treffsikkerheit når det gjeld å skilje villaks og oppdrettslaks. Dette for at feiluttak av villfisk ikkje skal få negativ innverknad på produksjon av yngel. Det må vere eit mål å lage nasjonale standardar for merking og sporing.
4. Det må stillast krav om å få verifisert at det faktisk er oppdrettsfisk som vert teke opp ved utfisking. Særleg er dette viktig i tida før systemet og ulike typar merker er utprøvd og evaluert.
5. Det er viktig å lage ein handlingsplan for kvar enkelt elv slik at ein raskt og effektivt kan komme i gong med utfisking når dette vert rett i høve til kost-nyttevurderingar.
6. Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til at oppdrettarar som merker fisken sin, kan få fritak frå avgifta. For å få erfaringar om den ekstra handsaminga av fisken grunna merkinga, fører til meir sjukdom, dårlegare tilvekst osv. kan det stillast krav til oppdrettarane om at dette vert dokumentert som eit grunnlag for få fritak for avgift. Dette vil igjen bidra til å finne dei beste metodane.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Høyringsnotat frå Nærings- og Fiskeridepartementet
2. Framlegg til forskrift

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Nærings- og fiskeridepartementet har sendt på høring forslag om forskrift om fellesansvar for utfisking av rømt oppdrettsfisk. Departementet ber høringsinstansane

særskilt om å kommentere regionale konsekvensar av høyringsforslaget. Høyringsfrist er 30.11.2014.

Det er gode grunnar til å tru at rømt oppdrettslaks genetisk kan påverke villaksstammene. Den rådande hypotesen er at dette mellom anna reduserer den enkelte laksestammen si evne til å tilpasse seg dei lokale tilhøva. Det er etablert ein visjon om 0-rømming og næringa har arbeidd gjennom fleire år med innføring av tekniske krav til oppdrettsanlegg og driftsrutinar for å førebyggje rømming. Andre metodar for å stanse den genetiske påverknaden kan vere å bruke fisk som ikkje kan forplante seg (steril fisk), og å fjerne rømt fisk frå elva (utfisking).

Prinsippet om at forureinar betaler, jf. forureiningslova, er i dag vanskeleg å følgje opp i dei tilfella ein ikkje kan slå fast kven som eig den rømte fisken. I påvente av utprøving og implementering av nasjonal standard for merking av oppdrettsfisk må det på plass ei ordning for å finansiere utfisking der det ikkje er ein identifisert eigar til fisken. Det er i dag ikkje pålagt merking av oppdrettsfisk, m.a. fordi teknologi og nasjonale standardar ikkje er ferdig utvikla.

I høyringsforslaget ligg det framlegg om at det skal vere havbruksnæringa i fellesskap, som i desse tilfella må dekkje kostnadene med utfisking.

2. Vurderingar og konsekvensar

Fiskeri- og havbruksnæringens landsforening (FHL) har i dag eit miljøfond basert på frivillig deltaking. Selskap som representerer om lag 90 prosent av den totale produksjonskapasiteten i norsk havbruk deltek.

Basert på dialog med FHL vil departementet føreslå å vidareutvikle denne ordninga og gjere den obligatorisk for alle. Dette i staden for å opprette ein parallell struktur i regi av det offentlege, eller å pålegge havbruksnæringa ei ny avgift for å finansiere utfiskingstiltak.

Dette inneber at arbeid som miljøfondet i dag gjer når det gjeld utfisking blir lausrive frå miljøfondet til FHL, og går over til å vere ei samanslutning for heile havbruksnæringa med eiga rekneskapsføring og med oppgåver pålagde av styresmaktene.

Næringa får sjølv ansvar for å organisere og forvalte dei praktiske, juridiske og økonomiske sidene av arbeidet med å gjennomføre pålagte tiltak for å fjerne rømt oppdrettsfisk.

Ordninga vil vere basert på overvaking av rømt oppdrettsfisk i regi av det offentlege. Dette skal vere med på å sikre fagleg kvalitet på grunnlaget for innkrevjing av avgift og krav om tiltak. Det er Havforskningsinstituttet gjennom «*Nasjonalt overvåkingsprogram for rømt laks i vassdrag*» som har fått oppdraget med å gjennomføre overvakinga. Det er lagt opp til årleg overvaking av om lag 100 lakseelver av totalt litt over 400 stk. I Sogn og Fjordane har vi mange nasjonale laksevasdrag og også andre lakseelver, og etter det vi kjenner til, er 18 elver i fylket med på lista over dei som skal overvakast. Det vil seie at ikkje alle elvane vert overvaka.

I ordninga er det lagt opp til at havbruksnæringa sjølv får ansvar for å sette i gang tilfredsstillande tiltak for å få ned innblandinga av rømt oppdrettsfisk. Samstundes er det, gjennom at styresmaktene deltek i styret, opna for ein kontinuerleg dialog om korleis samanslutninga handterer ansvaret sitt. Om dette ikkje gjev tilfredsstillande resultat, vil ein vurdere organiseringa av samanslutninga på nytt.

Det kan i dag, utan synleg merking på fisken, vere vanskeleg å skilje villaks frå oppdrettslaks. I høyringsforslaget meiner ein likevel at det er realistisk å plukke ut 60 – 90 prosent av oppdrettsfisken ved visuell kontroll på elvebreidda. Erfaring frå m.a. frå Møre og Romsdal i 2012 viser at dette ikkje alltid er like lett. Av 16 oppdrettsfisk

som vart fiska ut av elv, synte det seg berre ein stamma frå oppdrett. Dette viser at det er ei stor utfordring å skilje oppdrettsfisk frå villfisk, sjølv for folk med erfaring. Dette betyr at næringa må gjennomføre grundig og god opplæring av dei som skal gjere utfisking i elvene.

Departementet peiker på at når slikt tiltak skal setjast i verk, bør ein søkje å få til høgre grad av rett identifisering enn 60 prosent. Fylkeskommunen meiner at det er viktig at ein legg målet for treffsikkerheit høgt. I visse elver er tal gytefisk i utgangspunktet så lågt at om ein i tillegg beskatter stamma med feiluttak av gytemoden villfisk, vil dette kunne få innverknad på produksjon av yngel. For å hindre at dette skjer, må oppdrettsfisken vere fysisk merka (og i tillegg t.d. ha elektronisk eller genetisk merking) av fisken.

I høyringsframlegget er det føreslege at dei oppdrettarane som merker fisken sin, kan få fritak frå avgifta. Dette inneber at fritak for å betale avgift må vere med føresetnad om ei form for fysisk merking av oppdrettsfisken. Departementet ber særleg om høyringsinstansane sitt syn på dette.

Sogn og Fjordane fylkeskommune stiller seg positive til dette. Føresegna er teknologi-nøytral, men sporinga som blir nytta må uomstridd innebere at rett selskap kan identifiserast. Det betyr at oppdrettar sjølv kan velje metodikk.

Dette vil vere eit insitament for næringa til å teste ut og hauste erfaring med merking av større mengder fisk. Ein vil då kunne erfare om dette kan fungere i praksis og ein vil få vurdert det i høve til fiskevelferd. Ein vil også kunne få svar på om den ekstra handsaming av fisken grunna merkinga, fører til meir sjukdom, dårlegare tilvekst osv. For at slike erfaringar skal bidra til å finne dei beste metodane, kan det stillast krav til oppdrettarane om at dette vert dokumentert som eit grunnlag for å få fritak for avgift. Dette vil igjen bidra til å finne dei beste metodane.

Departementet føreslår å sette definerte grenseverdier for når innslaget av rømt oppdrettslaks er så høgt at det skal setjast i gong utfisking og når innslaget er så lågt at tiltak ikkje er naudsynt. Grenseverdiene skal samsvare med verdiane som er sett i Kgl. res. om kvalitetsnorm for villaks. Fylkeskommunen peiker på at det bør gjerast ei vurdering av kva dette i praksis vil bety for kvar særskild elv basert elva sine særskilde utfordringar.

Forskrifta stiller ikkje krav til at tiltaket skal setjast i verk. Grunnen er at under planlegginga ein må vurdere val av utfiskingsmetode. Metoden må tilpassast det einskilde vassdraget og den einskilde bestanden, og ta omsyn til verknader og kostnader – det vil seie at nytten av tiltaka må vegast opp mot kostnadene.

Fylkeskommunen meiner at så mykje som mogleg av planlegging må vere gjort på førehand, slik at utfisking, om ein finn dette rett, kan settast i verk straks det er påvist rømt fisk. Ein må då på førehand m.a. ha definert kven som skal varslast, kontaktpersoner for dei ulike elvane, ha gjennomført ei evaluering av metodikk for utfisking tilpassa kvar elv og årstid samt storleik på rømt fisk og liknande. Dette stiller og større krav til elveigarane og ei god nok organisering av elveigarlaga.

Vidare må det også stillast krav om å verifisere at det faktisk er oppdrettsfisk som vert teke opp ved utfisking. Særleg er dette viktig i tida før systemet og ulike typar merker er utprøvd og evaluert. Det er difor etter vårt syn naudsynt å utarbeide ein tiltaksplan for kvar enkelt elv på førehand.

Departementet føreset god kommunikasjon med denne ordninga. Fylkeskommunen legg difor til grunn at oppdrettsnæringa og forvaltninga må ha ein god dialog med elveigarlaga og den enkelte grunneigar i elva der det er naudsynt.

I høyringsforslaget er det i eit grovt overslag vist til at dei årlege utgiftene til utfisking kan liggje ein stad mellom 15 og 25 millionar kroner. I starten må dette krevjast inn

og dekkast av samanslutninga, men når merking og sporing etter kvart er på plass, skal kostnadene for samanslutninga bli redusert i takt med at samanslutninga krev regress av kjend eigar av oppdrettsfisken. Det ligg difor til rette for at ordninga etter kvart fell bort og at den som har ansvaret sjølv må koste utfiskinga. Fylkeskommunen trur dette vil bidra til å motivere næringa for ytterlegare å arbeide for å oppfylle visjonen om nullrømming.

Det er frå fleire hald reist krav om at ein må merke all oppdrettsfisk sjølv om merking av oppdrettsfisk i seg sjølv verken reduserer risiko for rømming eller konsekvensen av rømming. Førebels står ikkje kostnadene med dei eksisterande merkemetodane i forhold til nytten av å kunne spore fisken tilbake til det ansvarlege selskapet, eller aller helst spore tilbake til lokaliteten.

Sogn og Fjordane fylkeskommune finn det positivt at ein legg til rette for at næringa kan prøve ut og hauste erfaring med sporing og merking av fisk. Vi er samstundes klar på at dei nasjonale styresmaktene må sette felles nasjonale standardar som sikrar kvalitet og sikker merking.

3. Konklusjon

Sogn og Fjordane fylkeskommune stør i hovudsak forslaget til forskrift om fellesansvar for utfisking av rømt oppdrettsfisk.

Fylkeskommunen meiner at det er viktig at ein legg eit høgt mål for treffsikkerheit når det gjeld å skilje villaks og oppdrettslaks. Dette for at feiluttak av villfisk ikkje skal få negativ innverknad på produksjon av yngel. For å hindre at dette skjer, må oppdrettsfisken vere fysisk merka. Det må vere mål om å lage nasjonale standardar for merking og sporing.

Det er etter vårt syn også viktig å lage ein handlingsplan for kvar enkelt elv slik at ein raskt og effektivt kan komme i gong med utfisking når dette vert vurdert rett i høve til kost-nyttevurderingar.

Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til at oppdrettarar som merker fisken sin, kan få fritak frå avgifta. Dette vil vere eit insitament for næringa til å teste ut og hauste erfaring med merking av større mengder fisk. Ein vil då kunne erfare om dette kan fungere i praksis og ein vil få vurdert det i høve til fiskevelferd.

Ein vil også få svar på om den ekstra handsaming av fisken grunna merkinga, fører til meir sjukdom, dårlegare tilvekst osv. For at desse erfaringane skal bidra til å finne dei beste metodane, må det stillast krav til oppdrettarane om at dette vert dokumentert. Dette kan knytast til mot-ytinga at dei slepp avgift.

Det må stillast krav om å få verifisert at det faktisk er oppdrettsfisk som vert teke opp ved utfisking. Særleg er dette viktig i tida før systemet og ulike typar merker er utprøvd og evaluert.

Fylkeskommunen synes det er eit viktig signal at næringa sjølv, etter prinsippet om at forureinar betaler, går inn for ei obligatorisk fondsordning som sørgjer for å fiske ut rømt oppdrettsfisk frå hardt råka elver. Dette er eit samfunnspolitisk viktig signal frå oppdrettsnæringa og det er særleg viktig i vår region med fleire nasjonale lakseelver og laksefjordar.